



STORTINGET

Innst. 246 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget
fra arbeids- og sosialkomiteen

Prop. 84 S (2024–2025)

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om Pensjonar frå statskassa

Til Stortinget

Innledning

Etter Grunnlova § 75 bokstav i kan Stortinget mellom anna innvilge pensjonar frå statskassa.

I proposisjonen blir det lagt fram ei liste over pensjonar som departementet mellombels har innvilga i 2024, og som ein ber om Stortingets endelege godkjenning av.

I 2024 blei det utbetalt 17 748 855 kroner i pensjon av statskassa. I statsbudsjettet for 2025 er det løyvt 18 800 000 kroner på kap. 611 Pensjoner av statskassen.

Ein omtale av ordninga med pensjonar av statskassa og om dei pensjonane som proposisjonen gjeld, er gitt i punkt 2.

Omtale av ordninga

Pensjon frå statskassa er ei særordning som gjev Stortinget høve til, ut frå ei vurdering av om det er rimeleg, å gi ei pensjonsyting til personar som ikkje har kunna tene opp pensjonsrettar på vanleg måte.

Proposisjonen gjeld lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar. Dei lokalt tilsette er i hovudsak sjølv borgarar i landet der dei arbeider.

Dei aller fleste lokalt tilsette er i dag omfatta av lokale ordningar. I nokre tilfelle kan det likevel hende at det ikkje finst lokale ordningar, at dei aktuelle ordningane ikkje sikrar dei tilsette tilstrekkelig, eller at tilhøve i te-

nestelandet kan føre til at vedkomande ikkje får den ytinga han eller ho har opparbeidd seg rett. I ein slik situasjon kan utanriksstasjonen søkje om pensjon frå statskassa på vegne av vedkomande.

Eventuell yting frå lokal pensjonsordning skal kome til frådrag i pensjonen frå statskassa. Lokale ytingar som blir utbetala månadleg, blir i hovudsak samordna som pensjonar frå norsk offentlig tenestepensjonsordning. I staden for månadlege utbetalingar er det i nokre land vanleg at pensjonen blir betalt ut som eit einongsbeløp ved pensjonering. Slike ytingar kjem til frådrag i pensjonen ved at tidspunktet for utbetaling av pensjon blir utsett.

Komiteens behandling

Sakens dokumenter er tilgjengelige på sakssiden på stortinget.no.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Tone E. Berge Hansen, Per Vidar Kjølmoen, Torbjørn Vereide og Bente Irene Aaland, fra Høyre, Henrik Asheim, Anna Molberg og Aleksander Stokkebø, fra Fremskrittspartiet, Alf Erik Bergstøl Andersen og Dagfinn Henrik Olsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø og lederen Freddy André Øvstegård, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, og fra Rødt, Mímir Kristjánsson, viser til Prop. 84 S (2024–2025) Pensjonar frå statskassa, som gjelder der

lokalt ansatte ved norske utenriksstasjoner ikke har, eller ikke er sikret, de ytelsene de har krav på ved alderdom, uførhet eller tap av forsørger gjennom lokale ordninger.

Komiteen viser til sine merknader i forbindelse med tidligere behandlinger av tilsvarende proposisjon

og understreker igjen viktigheten av at lokalt ansatte ivaretas på en god måte, og uttrykker tilfredshet med at det ble gjort et arbeid for å sikre dette, noe komiteen også har bemerket i tidligere innstillinger. Komiteen viser for øvrig til regjeringens forslag til vedtak om pensjoner fra statskassen og slutter seg til dette.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og råar Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

om pensjonar frå statskassa

Opplysningar om søkjar			Pensjon			
Nr.	Kjønn	Alder ved avskjeden (for etterlatne, noverande alder)	Vedteke	Pr. mnd.	Gitt frå	Merknad
Utanriksdepartementet						
1	Kvinne	67 år	09.01.2024	2 år og 10 mnd. tilleggstid	01.08.2023	Manglande opptening i SPK
2	Kvinne	60 år	09.07.2024	691	29.09.2020	
3	Mann	60 år	21.10.2024	2 599	01.05.2028	
4	Kvinne	60 år	12.11.2024	10 570	01.11.2025	
5	Kvinne	60 år	21.11.2024	1 461	01.08.2024	
6	Mann	60 år	25.11.2024	7 634	01.09.2024	
7	Mann	60 år	13.12.2024	7 312	01.05.2028	
8	Kvinne	56 år	18.12.2024	1 516	01.03.2027	Etterlatnepensjon
9	Mann	62 år	18.12.2024	143	01.04.2025	
10	Kvinne	86 år	18.12.2024	2 970	01.02.2024	Etterlatnepensjon
11	Mann	65 år	19.12.2024	848	01.10.2024	
12	Kvinne	60 år	22.12.2024	1 049	01.02.2025	

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 29. april 2025

Freddy André Øvstegård

leder og saksordfører